Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteprotokoll

Utvalg: **AU i verneområdestyret for SVR**
Møtested: , Teams
Dato: 27.10.2026
Tidspunkt: 08:00 - 09:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Leder	
Janne Nystøl	Medlem	
Anita Husøy Riskedal	Nestleder	
Hans Blattmann	Medlem	
Mads Drange	Medlem	
Margit Dale	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	

Merknader:

Det kan førast møtegodtgjering for 1.5 time

Møtedeltaking 1 time. Møteførebuing 0.5 time

Øvrige frammøtte:

Navn
Alf Odden
Jørn Trygve Haug

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Jonny Liland Margit Dale

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
AU 20/26	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 21/26	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 22/26	Orienteringssaker		
AU 23/26	Uttale til øvingsplan for kjentmannskøyring 2027 - 2028. Sør - Vest politidistrikt		2026/12230
AU 24/26	Uttale til plan for oppfølging av konsesjonsvilkår knytt til ferdsel. Å Energi Vannkraft. Åseral kommune		2026/11708

AU 20/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2026

Behandling

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.

AU 21/26 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2026

Behandling

Vedtak

Margit Dale vart vald til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

AU 22/26 Orienteringssaker

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2026

Behandling

- Forvaltar Jørn Haug orienterte om at Statsforvaltaren har godkjend bruk av årets styremidlar til kjøp av flybillettar for styretur våren 2027.
- Forvaltningssekretariatet følgjer opp vedtak frå førre styremøte sak ST 34/26 og lagar utkast til brev til Klima- og miljødepartementet vedk. Miljødirektoratet si innstilling om ny organisering av verneområdeforvaltarane.
- Styreleiar tok opp spørsmål frå Janne Nystøl om på kva måte verneområdestyret skal uttale seg til overordna planar frå kommunane (kommuneplanar og kommunedelplanar) når desse er på høyring. Arbeidsutvalet meiner det er naudsynt med ein grensegang i høve til verneområdestyret sin rolle og involvering i kommunal planlegging. Arbeidsutvalet v/leiar og nestleiar ønskjer eit snarleg møte med Statsforvalteren v/Gina Lund for å drøfte desse spørsmåla. Fylkesordførar som representant for regional planmyndigheit bør og vera med på møtet. Forvaltningssekretariatet sender førespurnad til Statsforvaltaren om slikt møte.

Vedtak

AU 23/26 Uttale til øvingsplan for kjentmannskøyring 2027 - 2028. Sør - Vest politidistrikt

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2026

Jonny Liland	Nytt fellesforslag frå AU i Verneområdestyret for SVR: Som forvaltars innstilling med dette kulepunktet i tillegg: Arbeidsutvalet stiller spørsmål om utkast til øvingsplan i tilstrekkeleg grad tar opp i seg tiltaka i tiltaksplanen for villrein som no er vedteken. Arbeidsutvalet syner særleg til kap. 2.2 i denne om at «..*det totale omfanget av motorferdsel må justerast ned og kanaliserast, og at sårbare område må skjermast»* Arbeidsutvalet ønskjer å drøfte saka med statsforvaltaren i møte nemnd under orientering. Representant frå Sør – Vest politidistrikt bør med på møte.

Behandling

Vedtak

Arbeidsutvalet syner til forslag til Øvingsplan frå Sør – Vest politidistrikt versjon 1.7 og har følgjande merknadar til planen:

- Tilsvarande som i førre øvingsplan bør det lagast eit kart som syner samla løypenett for kjentmannsturane.
- Arbeidsutvalet vil fråråd at det vert opna for at redningsgruppene kan delta på kjentmannsturar med redningsgruppene som soknar til Agder Politidistrikt.
- Det bør presiserast at for kvar hovudtrase vert det berre gjeve løyve til ei redningsgruppe.
- Det bør ikkje opnast for kjentmannsturar nord for Hyttevatn i Svartevassmagasinet då ein her er inne i heilt sentrale delar av vinterbeiteområde for villrein liggjande i verneområda. Køyring på strekninga Storevatn – Hyttevatn bør avgrensast til å gjelde Øvre Sirdal Leitegruppe. Alternativt at det vert sett eit svært avgrensa tak på tal deltakarar.
- Arbeidsutvalet stiller spørsmål om utkast til øvingsplan i tilstrekkeleg grad tar opp i seg tiltaka i tiltaksplanen for villrein som no er vedteken. Arbeidsutvalet syner særleg til kap. 2.2 i denne om at «..*det totale omfanget av motorferdsel må justerast ned og kanaliserast, og at sårbare område må skjermast»* Arbeidsutvalet ønskjer å drøfte saka med statsforvaltaren i møte nemnd under orientering. Representant frå Sør – Vest politidistrikt bør med på møte.

For vidare grunngjeving syner arbeidsutvalet til saksframlegget.

AU 24/26 Uttale til plan for oppfølging av konsesjonsvilkår knytt til ferdsel. Å Energi Vannkraft. Åseral kommune

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2026

Behandling

Forvaltar si innstilling vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Arbeidsutvalet i verneområdestyret syner til Å Energi Vannkraft sin plan for oppfølging av konsesjonsvilkår om ferdsel i Åseralsprosjekta, dagsett 28.8.2026

For tiltak liggjande heilt eller delvis i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* syner arbeidsutvalet til vurderinga slik det går fram av saka. Dette gjeld *omlegging/kryssingspunkt skiløype ved Krokevatn*, *ny bru Vikeknodden* og *tiltak ved Loneskar.*